



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3378 - 23/46254

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
13.06.2023

Godkjenning av personleg ansvarsrett - gbnr 217/4 Romarheim

Administrativt vedtak: Saknr: 622/23
Tiltakshavar: Eivin Høiland
Ansvarleg søker: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om igangsetjing av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i Forskrift om saksbehandling i byggesak § 6-8 godkjenner kommunen Eivin Høiland sin søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar for grunn-, betong- og tømrararbeidet for garasje.

Oppdatert gjennomføringsplan må sendast inn.

TILTAK

I samband med søknad om mellombels bruksløyve for godkjend tiltak på eigedomen gbnr 217/4, er det søkt om endring av ansvarsrett. Tiltakshavar Eivin Høiland søker om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar for prosjektering og utføring av grunn-, betong- og tømrararbeid for oppføring av garasje.

Han har sannsynleggjort nødvendig kompetanse ved eiga utdanning og/eller praksis samt bruk av medhjelpar si kompetanse og/eller praksis.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 02.06.2023.

VURDERING

Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Søknaden om personleg ansvarsrett for oppføring av garasje vert godkjend.

Oppdatert gjennomføringsplan der ny ansvarsrett for garasje er påført må sendast inn.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Eivin Høiland

Modalsvegen 14

5994

VIKANES

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSE
N